

**Preike ved visitasgudsteneste i Naustdal kyrkje, søndag 05.oktober 2014
v/ fung. Biskop Jan Otto Myrseth.**

TEKST: Joh 11,17-46

Då Jesus kom fram, fekk han vita at Lasarus alt hadde lege fire dagar i grava. ¹⁸ Betania ligg ikkje langt frå Jerusalem, berre femten stadiar om lag, ¹⁹ og mange jødar var komne til Marta og Maria og ville trøysta dei i sorga over broren. ²⁰ Så snart Marta fekk høyra at Jesus kom, gjekk ho og møtte han, men Maria vart sitjande heime. ²¹ Marta sa til Jesus: «Herre, hadde du vore her, så hadde ikkje bror min døydd. ²² Men no òg veit eg at alt det du bed Gud om, vil han gje deg.» ²³ «Bror din skal stå opp att», seier Jesus. ²⁴ «Eg veit at han skal stå opp att når alle står opp på den siste dagen», svara Marta. ²⁵ Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. ²⁶ Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Trur du det?» ²⁷ «Ja, Herre», seier ho, «eg trur at du er Messias, Guds Son, han som skal koma til verda.» ²⁸ Då ho hadde sagt dette, gjekk ho og kalla i løynd på Maria, syster si, og sa til henne: «Meisteren er her og spør etter deg.» ²⁹ Då Maria høyrde det, reiste ho seg straks og gjekk ut til han. ³⁰ Jesus var endå ikkje komen inn i landsbyen; han var framleis der Marta hadde møtt han. ³¹ Dei jødane som var heime hos Maria og trøysta henne, såg at ho brått reiste seg og gjekk ut, og dei følgde etter; dei tenkte at ho gjekk ut til grava og ville gråta der. ³² Som no Maria kom dit Jesus var, og fekk sjå han, kasta ho seg ned for føtene hans og sa: «Herre, hadde du vore her, hadde ikkje bror min døydd.» ³³ Då Jesus såg at dei gret, både ho og alle jødane som følgde henne, vart han oppskaka og opprørt i sitt indre, ³⁴ og han sa: «Kvar har de lagt han?» «Kom og sjå, Herre», svara dei. ³⁵ Jesus gret. ³⁶ Då sa jødane: «Sjå kor glad han var i han.» ³⁷ Men somme av dei sa: «Han som opna auga på ein som var blind, kunne ikkje han ha hindra at denne mannen døydde?» ³⁸ Jesus vart igjen opprørt og gjekk bort til grava. Det var ei hòle, og det låg ein stein framfor opninga. ³⁹ «Ta bort steinen!» seier Jesus. «Herre», seier Marta, syster til den døde, «det luktar alt av han, for han har lege fire dagar i grava.» ⁴⁰ Jesus seier til henne: «Sa eg deg ikkje at dersom du trur, skal du få sjå Guds herlegdom?» ⁴¹ Så tok dei steinen ifrå. Og Jesus såg opp mot himmelen og sa: «Far, eg takkar deg fordi du har

høyr meg. ⁴² Eg visste at du alltid høyrer meg. Men eg seier dette på grunn av folket som står omkring, så dei skal tru at det er du som har sendt meg.» ⁴³ Då han hadde sagt det, ropa han høgt: «Lasarus, kom ut!» ⁴⁴ Og den døde kom ut med hendene og føtene sveipte i likklede og med ein duk bunden over andletet. Jesus sa til dei: «Løys han og lat han gå!» ⁴⁵ Mange av dei jødane som var komne til Maria og hadde sett det Jesus gjorde, kom til tru på han. ⁴⁶ Men nokre gjekk til farisearane og fortalde kva han hadde gjort.

PREIKE:

Hadde du vore her ...

Trur du på eit liv etter døden? Frå tid til anna er dette spørsmålet med på gallupintervjuaren si liste.

Eit liv etter døden.

Tja, ingen kan vel eigentleg seie noko sikkert om det som er på den andre sida. Og likevel svarar temmeleg mange at dei trur på det. Ja, at livet før døden faktisk blei ganske uthaldeleg om *det* var det heile.

At døden har makt i denne verda er det ikkje vanskeleg å oppdage. Dagleg får vi nye bevis på det.

Enten det er ei aldrande mor vi fylgjer frå dag til dag på den siste etappen av livsreisa. Eller det er bråe og uventa dødsfall i nærmiljøet.

Eller det er dei grusomme bileta frå Syria eller Irak, der ørkenbødlane skal sette ein støkk i vestlege politikarar eller andre som blandar seg i den vanheilage krigen deira.

Dødens skugge kan ingen av oss viske ut. Jesus vart også ganske så oppskaka og opprørt denne dagen i møte med døden og sorga over hans ven Lasarus.

Alt dette som gjekk føre seg rundt han, møtet med alle desse sørgande og gråtande menneska, opprørte han. Det minte han om kor meiningslaus denne opprivande krafta er som ligg i dødens realitet.

Det kortaste verset i Bibelen vår finn vi i dagens tekst. Så enkelt og rett fram som det lyder, er det kanskje samstundes eit av dei sterkaste uttrykka for at Gud sjølv i Jesus møter – og deler – våre livserfaringar.

Ja, heilt inn i møtet med dødens realitet.

Jesus gret.

Akkurat slik vi kan bli det, vart Jesus rett og slett sint på døden sjølv, på det ranet den hadde tatt, og på all fortvilinga dette skapte.

Døden kan vere så meiningslaus, så vanskeleg å forsone seg med.

Hadde du berre vore her, så hadde ikkje bror min døydd.

Dette seier begge dei to Lasarus-søstrene.

Nokre dagar tidlegare sende dei bod til han og sa: *Herre, han som du er så glad i, er sjuk.*

Jesu svar lydte slik:

«Denne sjukdomen fører ikkje til døden. Nei, han er til Guds ære; han skal herleggjera Guds Son.»

Det var nok ikkje lett for søstrene å skjønne dette svaret, men for Johannes som skriv sitt evangelium nokre tiår seinare, vart det viktig å fortelje om denne dramatiske dagen i lys av nettopp dette utsagnet.

Når han deler si augevitneskildring, gjer han det litt annleis enn dei andre tre evangelistane. Mot slutten av evangeliet sitt skriv han at Jesus gjorde også mange andre teikn, og om alt skulle

skrivast ned, ville ikkje heile verda kunne romme alle bøkene som då måtte skrivast.

Men desse er nedskrivne for at de skal tru at Jesus er Messias, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.

Så vel han seg ut sju teikn, som kvar for seg openberrar ei side ved Jesus, slik at vi kan skjønne kven han er – og tru på han.

Det fyrste hende i eit bryllaup i Kana – i gleda si høgtid - der seks hundre liter vatn vart til seks hundre liter velsmakande vin.

Nokså sjokkerande for oss kanskje, men Johannes avsluttar den forteljinga med at *dette var det første teiknet Jesus gjorde. Han openberra sin herlegdom, og læresveinane hans trudde på han.*

No er vi komne til det sjuande og siste teiknet, og Jesus seier altså:

«Denne sjukdomen fører ikkje til døden. Nei, han er til Guds ære; han skal herleggjera Guds Son.»

Sjukdom og ulykker er påminningar om at livet ein gong tek slutt for oss alle. Og det kan vere ei hard sanning å leve med, for oss som helst ville forbli unge, vakre og spreke heile livet og lenger med.

Det pågår ein stadig kamp mellom livets og dødens krefter, mellom det gode og det vonde, mellom det skapande og det destruktive.

I dette spenningsfeltet er det vi lever.

Ja, djupast sett er det mellom Gud og djevel denne kampen rasar. Og på eitt bestemt punkt i verdshistoria fekk denne kampen ei avgjerande ny retning, nemleg for 2000 år sidan på ei høgde i Israel som dei kalla Golgata. Der stod det tre kors, og på det i midten hang Gud sjølv.

For min del kunne eg aldri tru på Gud, var det ikkje for krossen. I den verkelege verda, der smerta er så reell, korleis kunne vi tilbe ein Gud som var immun mot den?

Når Jesus ved Lasarus si grav let seg bevege til å gripe inn, kjem døden i eit nytt lys, og vi får hjelp til å skjønne kven Jesus eigentleg er. Vi får sjå hans herlegdom, for å bruke Johannes sine ord.

Begge søstrene til Lasarus hadde ei fast tru på at om Jesus berre hadde vore til stades, ville dette ikkje ha skjedd. Begge hadde opplevd at han ikkje var der då det verkeleg gjaldt.

Ja, kvifor var ikkje Jesus der i tide? Det er ikkje så vanskeleg å forstå reaksjonen deira. For dei hadde sett at han kunne gjere det utrulege, og hadde han berre vore der då Lasarus verkeleg trengte hjelp, ja, då kunne ting vore annleis.

Men dei har altså ikkje verkeleg skjont kven Jesus er. Dei har ikkje verkeleg forstått. Så at han skulle kunne vekke døde til liv igjen, nei, det er for mykje å forlange.

Eg trur det går an å seie at den verkelege brodden til lidinga er opplevinga av å vere svikta og forlatt – av Gud.

Smerta er det muleg å uthalde, men ikkje Guds tilsynelatande likesæle.

Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg, ropar Jesus på krossen og siterer den gammaltestamentlege Salme 22.

Somme gonger ser vi kanskje Gud for oss i ei avslappa stilling, kanskje slumrande, i ein himmelsk lenestol – medan millionar av menneske svelte i hel.

Det er ikkje berre dei som lever på avstand frå kyrkja som kan bli freista til å tru at Gud ikkje vil, eller ikkje er i stand til å hjelpe.

Men etter det som skjedde på Golgata dristar eg meg til å proklamere at dette biletet av ein likegyldig, halvt slumrande Gud, som hånflirer av lidinga i verda ein gong for alle er knust i småbitar.

Tvert om byr han seg fram for oss som ein einsam, forvridd mann, med naglar gjennom hender og føter, med ein rygg oppriven av piskeslag, utstøytt i det djupaste mørke.

Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg!

Der og då utkjempa han kampen mot døden og all dens makt.

I Kolossarbrevet står det at

«Han kledde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.» (Kol 2,15)

Kva Jesu død på krossen verkeleg innebar kunne Johannes og dei andre truande i ettertid skjønne, og då trur eg dei hugsa tilbake til denne dagen i Betania.

Den same Jesus som i den eine stunda kunne gråte i sorg over at døden hadde tatt sitt bytte, ropte i den neste ut sin protest mot dødens makt: - Lasarus, kom ut!

Og då Lasarus kom, sa han: - *«Løys han og lat han gå!»*

For alle som opplevde denne makelause dagen var det ingen tvil om at det er eit liv etter døden.

Og det same gjeld for den som høyrer og trur det Jesus sa til Marta: *”Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.”*

Midt i smerta, i sjukdommen, i sorga og tvilen er dette Jesu store lovnad til oss.

Lasarus måtte leve på denne lovnaden. Sjølv om han var henta tilbake til jordelivet, møtte han garantert døden ein gong til.

Men både han og dei andre hadde fått ein peikepinn, eit teikn med ein klar bodskap:

Døden får ikkje det siste ordet! Av jorda skal du igjen stå opp.

Fordi Jesus er oppstoda og livet.

Og i dagens lesetekst frå 2. Timoteusbrev høyrde vi:

*Han har gjort ende på døden
og ført udødeleg liv
fram i lyset ved evangeliet.*

Det livet som kjem etter døden har si kjelde eine og åleine i Jesus sjølv. Og denne kjelda kan du drikke av her og no.

Den vert boden fram til deg i dag på nytt, når du blir invitert til å ta imot hans lekam og blod i nattverdens mysterium.

Der er livsens kjelde!

Ære vere F og S og DHA ...